# Fjell kyrkjeblad

Informasjon for Fjell, Foldnes og Landro sokn
Nummer 2 – 2020



## Innsetting av ny prost

SIDE 6



**Årets konfirmantar** SIDE 8



**Kyrkja vår!** SIDE 13

# Fjell kyrkjeblad

Kyrkjeblad for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

**Utgjevar:** Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Grafisk utforming:** Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidebilete:** Frå innsettingssgudstenesta 8. mars i Strusshamn kyrkje.
**Foto:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Bodoni AS

Miljømerket trykksak 2041 0699

**Bankgiro**

**Fjell kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: 5. mai



**Kontaktinformasjon**

DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Adresse:** Øygarden kyrkjekontor, Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

**Telefon:** 55 09 74 40

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 10.00–14.00

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/oygarden
www.kyrkja.no/t-dagen

**Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellesråd:** 1506.35.46523


# Leiar



**Olav Martin Vik**
Kyrkjeverje og redaktør

## Frå normal situasjon til ekstrem situasjon

I løpet av nokre dagar og timar utvikla ein normal situasjon seg til å verte ein krisesituasjon. Det skjedde også i vår organisasjon. Torsdag 12. mars sette eg krisestab. I løpet av dei timane me sat saman gjekk me frå ein førebels beredskapssituasjon med førebyggande tiltak, til å stenge ned omtrent alt me driv på med. Me har ein flott og handlekraftig kyrkjestab som agerer raskt når det er naudsynt. Gudstenester, barne- og ungdomsarbeid, kor og konsertar er i skrivande stund avlyst. Koronaviruset råka også oss med full tyngde. Smitteførebygging går føre alt anna.

Me er gravplassmyndigheit. Det betyr at me skal ta hand om gravlegging av alle døde i vår kommune. Gravferder går som normalt, men med avgrensa deltaking i seremonien. Når bladet vert distribuert kan maksimalt 50 personar delta i ei gravferd.

Me har auka beredskapen i høve mogeleg fleir døde som følgje av koronaviruset. Me må be Gud om og håpe på at det siste ikkje vert tilfelle.

Sorg, angst og andre utfordringar kan kome i kjølvatnet av det som no skjer. Våre prestar, diakonar og andre tilsette er i beredskap for samtale. Ta kontakt via dei telefonnummer som du finn på nest siste side i bladet. Me har avgrensa heimebesøka, men du kan få ein god samtale på telefonen.

Når tid me kjem i ein normalsituasjon er vanskeleg å seie noko om. Me førebur oss på at det me opplever no, kan gå over lang tid. Me må på ein måte få samfunnet til å fungere innanfor dei rammene me lever innanfor, til ei kvar tid. Akkurat no er det ein ekstremsituasjon.

Alt godt!



## Personalnytt

Maria Wergeland, busett på Brattholmen, er tilsett i eit vikariat i 60 % i Seksjon for barn og unge i kyrkja. Ho har for tida permisjon frå lærarjobben sin. I kyrkja skal ho jobbe med å revidere Plan for barn og unge, i tett samarbeid med sokneråd, medarbeidarar og barn, unge og familiar i kyrkjelydane våre. Planane i kyrkja seier kva vi gjer, korfor og korleis vi gjer dette, og for kven vi gjer det. Planane er verdifulle reiskap som vi skal bruke for å spegle arbeidet vårt, verdiane og visjonen vår i kyrkja. Vi ønskjer Maria varmt velkomen i kyrkjestaben!

*Rannveig Vestbøstad Vik*
*Seksjonsleiar barn og unge/Kateket II*





# Koronaviruset

Øygarden kyrkjelege fellesråd og prestetenesta har sett i verk ei rekkje førebyggande tiltak. Desse tiltaka kom tidleg, i samsvar med råd og pålegg frå Folkehelseinstituttet.

Torsdag 12. mars kom det ei kraftig innstramming frå sentrale styresmakter i høve tiltak. Det medførte at alle våre aktivitetar, med unntak for gravferder, vart avlyst inntil vidare.

Du finn oppdatert informasjon til ei kvar tid på vår nettside også når det gjeld gravferd. Dette gjeld også aktivitetar som er annonsert i dette bladet, men som muligens vil utgå. Konfirmasjonane er utsett til i haust. Ny dato står i bladet.

Det er høve til å kontakte prestar og vår diakonale teneste. Du finn telefonnummer på nest siste side i bladet.

For avlysing av komande aktivitetar og anna informasjon, sjå vår nettside www.kyrkja.no/oygarden

*Olav Martin Vik*
*Kyrkjeverje*

## Innhald


Intervju med prosten ..... 4–5
Innsettingsgudstenesta .... 6-7
Konfirmantar 2020........... 8-9
Kyrkjene i Øygarden.......... 10
Gravferd og gravplassforvaltningen...... 11
Årsstatestikk..................... 12
Kyrkja vår! ........................ 13
Aksjon Godhet ................. 14
Fasteaksjonen .................. 16
T-dagen.........................18-19




**Jan Tommy Fosse**
Prost i Vesthordland prosti

# «Han er ikke her!»

Det er snart påske, og kristne over hele verden skal igjen få feire den store høytiden. Nok en gang skal vi få lese oss igjennom fortellingen om Jesus som rir inn i Jerusalem, om innstiftelsen av nattverden på Skjærtorsdag, om arrestasjon, tortur og fornedrelse, og om pine og død. Så bygger påskens hendelser og fortellinger opp til det store klimaks når kvinnene kommer til graven for å salve den døde kroppen, men finner graven tom.

«Men engelen tok til orde og sa til kvinnene: 'Frykt ikke! Jeg vet at dere leter etter Jesus, den korsfestede. Han er ikke her, han er stått opp, slik som han sa.»
(Matt 28,5-6)

Jesus er ikke lenger død, han lever.



Illustrasjonsfoto: unsplash.com

Vi har kanskje hørt dette så mange ganger at vi ikke lenger overraskes over det som skjedde. Men tenker vi etter, oppdager vi det grensesprengende i det som skjedde på påskedag. Det som ikke kan skje, skjedde. Ikke en gang døden kan stå i veien for Gud og hans kjærlighet til oss mennesker. Jesu død og oppstandelse viser oss at Gud elsker hele mennesket, både våre seire og våre nederlag. Alt vårt gale bar han med seg opp på korset, og evigheten sammen med ham sikret han gjennom sin seier over døden. Jesus var ikke lenger i graven, men:

Se, Herren lever!
Salige morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger.
Kristus Herre er!

Han var ikke lenger i graven, han lever. Velsignet påske!

# –Var på tide med nye utfordringer

Etter å ha jobbet i Sjømannskirken som både prest og daglig leder, fant Jan Tommy Fosse en stilling som var en kombinasjon av disse to stillingene. 1. mars begynte han som prost i Vesthordland prosti.

TEKST: OLAV MARTIN VIK
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



**JAN TOMMY FOSSE**

- Er gift og har tre barn
- Har jobbet som gardeprest i Hans Majestet Kongens garde
- Har jobbet i Sjømannskirken i over 15 år, både i Huston og i Singapore.
- Som prost i Vesthordland prosti skal han lede prestetjenesten i Øygarden og på Askøy.
- Han kommer til å ha gudstjenester i begge kommunene.

***Hvem er Jan Tommy Fosse?***
Det er et stort spørsmål. Jeg er 46 år, hadde min oppvekst i Degernes i Indre Østfold, gift med Inger og pappa til Mathias, Daniel og Rebekka. På videregående bestemte jeg meg for at det var prest jeg ville bli. Jeg ønsket å jobbe med mennesker, og jeg ønsket å dele Guds kjærlighet til oss mennesker vist oss gjennom Jesus – og det er fortsatt dette som driver meg i min tjeneste som prest. Ellers liker jeg å sykle og lese, og min store hobby er fly og sivil luftfart.

***Hvorfor vil du være prost i Vesthordland?***
Etter over 15 år i Sjømannskirken fant jeg ut at det var på tide med nye utfordringer, og til å bruke meg selv på litt andre måter. Og, jeg kjente ganske tydelig at jeg nå trengte et skifte med mulighet til å gjøre mer prestetjeneste. Jeg begynte å se meg om etter muligheter, og da dukket stillingen som prost opp. Nå vil jeg få bruke både min erfaring som prest og min erfaring som leder, og dette kombinert i en jobb – det må vel være drømmejobben? I hvert fall tenker jeg det.

Vesthordland er et spennende og variert prosti med masse dedikerte og flotte medarbeidere, både ansatte og frivillige. Å få være med i dette arbeidslaget tenker jeg er et privilegium.

***Du har vært utenlandssjef i Sjømannskirken. Hvilken erfaring har du med deg som kan være nyttig i den nye stillingen?***
I Sjømannskirken har jeg fått være med å lede en stor organisasjon med medarbeidere spredt over hele verden. Det har lært meg viktigheten av å ha felles grunnlag og mål for arbeidet vi står i, og at det er noe vi strekker oss mot sammen. Avstandene i Vesthordland er lagt mindre, men grunnlaget og målet er like viktig. Jeg kommer til å ta med meg at min viktigste oppgave som leder er å gjøre det jeg kan for at mine medarbeidere skal lykkes i utøve sin jobb på best mulig måte.

***Hva vil du prioritere først i din nye stilling?***
Mine første prioritering er å bli kjent med menighetene, prestene og de andre medarbeiderne. Jeg gleder meg til å bli kjent med hvem de er, hva de jobber med, hvor de opplever at de lykkes og hvor det er mer krevende. Så må jeg finne ut hva de trenger av meg, og hva jeg kan bidra med. I tillegg til dette har jeg mye å lære. På system og strukturnivå har mye endret seg siden sist jeg jobbet i Den norske kirke.

***Du kommer til et stort prosti, 10 sokn og to store fellesrådsrådsområder. Hva tenker du kan være utfordrende i møte med fremtiden?***
Fremover ligger det store og vikte ting som skal jobbes med og avklares, f.eks. kirkens organisering og finansiering. Jeg er redd vi vil se at økonomien fremover blir trangere, noe som nok vil tvinge oss til krevende prioriteringer. Og det er en stor utfordring at stadig færre velger å bære barna sine til dåp.

Kirkens viktigste oppgave er å formidle budskapet om Jesus Kristus, og være Guds hender og føtter i verden. Som kirke er vi kalt til å vise Guds kjærlighet i ord og handling. Dette kallet må stadig blankpusses slik at mennesker i vårt nærmiljø kan høre og oppleve at det er dette kirken er og gjør.

# Jan Tommy Fosse innsett som prost i Vesthordland

Søndag 8. mars vart Jan Tommy Fosse innsett som prost i Vesthordland. Mange møtte fram i Strusshamn kyrkje på gudstenesta denne kvelden. Biskop Halvor Nordhaug deltok i sjølve gudstenesta saman med prestane i prostiet.

**TEKST: OLAV MARTIN VIK**
**FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM**

Til stades var også ordførar Siv Høgtun i Askøy kommune og ordførar Tom Georg Indrevik frå Øygarden kommune. Dei kom også med helsingar under kyrkjekaffien. Begge ønskte den nye prosten velkomen i tenesta og dei såg fram til eit godt samarbeid.

Mannskoret AvogTil frå Foldnes kyrkjelyd song i gudstenesta.
Jan Tommy Fosse er med i koret.

Biskop Halvor Nordhaug ønskte Fosse velkomen i tenesta som prost og las opp innsettingsbrevet. Han hadde også forbøn for Fosse. Biskopen overrekte som gåve eit prostekors.

I sin tale til kyrkjelyden tok Fosse utgangspunkt i Luk 7,36-50 om kvinna som salva Jesu føter. I møte med Jesus fekk kvinna eit ærleg møte med seg sjølv. I kristne samanhengar kan det ofte kome skarpe skille, - dei som er innanfor og dei som er utanfor. Jesus seier at for Gud er alle menneske uendeleg verdfulle, og hans kjærleik til den enkelte av oss vert ikkje begrensa utfrå det me måtte finne på å sette opp av skott, veggar, murar eller anna som kategoriserer eller setter deg eller meg i ein bås – heldigvis. Jesu bodskap er at Gud tilgir synd. Stor eller lita synd i menneske sine auge.





Biskopen, prostiets prestar og diakonar saman med ordførarane frå Askøy og Øygarden.



Mannskoret AvogTil bidrog med song.



Jan Tommy Fosse ønskjer å møte menneske der dei er i livet sitt.



Mange vart med på kyrkjekaffi etterpå.



Den nye prosten forsyner seg av kake.

# Konfirmantar 2020

*Med atterhald om endringar*



## Fjell kyrkje

**19. SEPTEMBER**
Ella Hansen Andersen
Elias Engelhard Dale Angeltveit
Mari Bergh Antonsen
Magnus Bergsvik
Jonas Helle Blom
Sebastian Breivik
Jonas Sebastian Dale
Thorgeir Danielsen
Mathias Daniel Edgren
Malena Tellnes Eide
Natalie Haaberg Eide
Helene Golten Ekren
Erik Erstad
David Gullbrå Fjell
Anna Gregersen
Håvard Hagenes
Thea Marie Hagenes
Christian Klovning Hatlestad
William Vallestad Havre
Theo Skorpholm Høgbråt
Mathias Fjellheim Håvardstun
Kristoffer Fondevik Iversen
Sara Karlsen
Emma Isabella Kilvik
William Lihaug Kismul
Peter Ramstad Langseth
Stine Sørhus Linge
Tobias Magnesen
Silje Sofie Mork
Felix August Ulleland Nilsen
Lisa Constanse Opdahl Ruud Nilsen
Tonje Frøysæther Nilsen
Jacob I. Nesinum Nordvik
Adrian Theo Sekkingstad
Thomas Sekkingstad
Julie Kristin Singdahlsen
Eirik Storli
Emil Christoffer Straume
Margrethe Helgesen Tautra
Nora Amalie Nesse Tellnes
Elias Bjerga Tøraasen
Henrik Aurdal Undal
Alexandra Bergh Vågenes
Amalie Widvey

**20. SEPTEMBER**
Vera Margrethe Kjeilen Bach
Nikita Bentzen
Mari Misje Birkeland
Erlend Lunden Byrknes
Elias Kleppe Digranes
Jonas Kleppe Digranes
Sandra Mari Taule Egeland
Robin Jenssen Eide
Linea Ekanger
Amalie Ones Ekerhovd
Espen Ferreira Dias Ekerhovd
Kassander Aron Ekerhovd
Stina Ekerhovd
Daniell Andre Espelund
Siren Smith Gjøen
Martine Grasdal
Malin Helén Hansen
Marcus Hanøy
Andrea Brudvik Haugen
Silje Hodø Holmefjord
Vilde Hodø Holmefjord
Mathias Martin Høgh
Maria Iversen
Ariana Jacobsen
Olivia Lie
Kathinka Litlekalsøy
Sofie Tøkje Midttun
Emma Moldeklev-Herland
Lina Khamis Morsy
Abraham Jose Rojas Movilla
Sofie Møgster
Adrian Aksnes Nesse
Vivien Spjeld Nogher
Karoline Christensen Nordvik
Thea Sofie Tøkje Nyborg
Marius Landro Olsen
Maren Xiaoyou Paulsen
Vibeke Madelen Solseth
Julie Steen-Haukås
Valentina Strand
Andreas Arda Straume
May Helen Svalland
Simon Norvall Sæbø
Iona Astrid Tufft Torsvik
Maria Utvær
Vineta Marija Vlasova
Oskar Øvrebø-Bildøy
Eirik Gjedrem Aannerød





## Foldnes kyrkje

**5. SEPTEMBER**
Simen Torsnes Arefjord
Mats Aleksander Berentsen
Dennis Villanger Bjorøy
Mats Jensen Ekerold
Isak Erstad
Kaia Lokøy Fjæreide
Madeleine Jane Låstad Fortun
Joakim Hansen Gangstø
André Berntsen Haavik
Thea Ruud Hansen
Sondre Haram
Elias Fjøren Heggernes
Patrick Bunphairot Helgesen
Carina Elén Johansen
Sebastian Hetleøen Kalhagen
Ingvar Kolbjørnsen
Eline Kurseth
Lisa Bollmann Lie
Emma Oline Marthinussen
Sander Bruvoll Monsen
Meena Amalie Murugan
Håvard Myskja
Mille Olsen
Sara Solmundsdottir Sage
Brage Helle Skjerve
Steffen Straume Steiner
Malin Steinsvik
Kamilla Kausland Syrstad
Heidi Bildøy Østvold

**12. SEPTEMBER**
Johan Våge Danielsen
Marcus Fandino
Tor Adrian Foldnes
Kristin Hals
Karoline Kalstad Hernes
Vilde Støfringshaug Horge
Alexander Imsland
Henriette Gavlen Johnsen
Kristian Kjønsberg
Adrian Aas Kleppe
Patrick Kleppe
Sandra Myksvoll
Joachim Sortland Paulsen
Sofie Marie Skaar Paulsen
Maria Cassandra Emblem Rine
Thea Helene Langeland Sandvik
Troy Solbakken-Myrvang
Eirik Lillehauge Solberg
Amanda Straume-Ekerold
Christopher Thorsen Thorbjørnsen
Anette Hatlelid Winterseth

**13. SEPTEMBER**
Malin Angelvik
Even Berdal
Bastian Arefjord Børtveit
Markus Fondenæs
Hannah Skare Halleråker
Lukas Kjøsnes Handegård
Trym Hatlebrekke
Mathias Hellesø
Felix Jung
Leo Jung
Marit Hus Karlsen
Mathéo Eide Klett
Malin Landro
Jesper Valvik Larsen
Aurora Lillebø
Josefine Løvaas
Sarah Aaland Nygard
Marlen Forsberg Nygård
Andrine Alida Pedersen
Elias Rosendahl
Julie Rossgård
Malene Lise Saltskår
Josefine Sebak
Khyle Vincent Solis
Magnus Straume
Magnus Pedersen Straume
Lina Hageberg Sæthre
Kevin-André Michelsen Veseth
Sebastian Straume Wiberg
Sara Yndesdal

## Landro kyrkje

**5. SEPTEMBER**
Alexandra Fjereide Algrøy
Edvin Alrek
Simen Hamre Angeltveit
Andreas Arefjord
Rebekka Axelsdottir
Julie De Almeida Eide
Rasmus Mikal Eide
Kristoffer Baardsen Ekren
Eirik Friis
Julie Helle Gubberud
Andrine Hareide
Kasandra Helen Karlsen
Julie Kleppe
Joakim Kolstad
Karoline Kopecka
Phillip Marthinsen Kålås
June Mongstad Lambrechts
Eirin Ulveseth Mikalsen
Markus Skjæveland Nesse
Sander Nilsen
Colin Nymark
Mia Sofie Solli Oldeide
Sarah Ebbesvik Reinertsen
Nora Hellevik Samuelsson
Miliam Helgesen Stahl
Aleksander Helgesen Sørenes
Daniel André Toft
Amalie Louise Misje Torsvik
Olai Kobbeltvedt Turøy
Maren Norevik Vindenes
Mathias Dvergsdal Vindenes
Darian Fjell Østerfeldt
Mathias Østevold
Sebastian Olsen Ågotnes

**6. SEPTEMBER**
Frima Kamaran Aziz
Leon Bøe-Hansen
Karoline Kleppe Forland
Hermann Hassel
Andrea Hitsøy
Julie Lynglund Johansen
Matias Landro-Fosse
Filip Rene Olsen
Solveig Olsen
Kaja Liland Solfjell
Amalie Andersen Solsvik
Andreas Andersen Solsvik
Kristoffer Misje Spjeld

# Kyrkjene i Øygarden

Det er 8 kyrkjer i Øygarden, inkludert Hjelme gamle kyrkje som ikkje er i dagleg bruk. Kyrkjene er eit av få signalbygg i kommunen. Dei fortel ein historie, samstundes som dei har ei viktig rolle i lokalsamfunnet. Mange har eit nært forhold til si kyrkje.

AV: OLAV MARTIN VIK, KYRKJEVERJE


Kausland kyrkje - byggjeår 1881


Sund kyrkje - byggjeår 1997


Fjell kyrkje - byggjeår 1874


Foldnes kyrkje - byggjeår 2001


Landro kyrkje - byggjeår 1977


Blomvåg kyrkje - byggjeår 1931


Hjelme kyrkje - byggjeår 1971


Hjelme gamle kyrkje - byggjeår 1875

Kyrkjelova seier dette om forvaltninga av kyrkjene:

*§ 18.Forvaltning av kirkene og begrensning i rådighet. Forvaltningen av kirkene hører under kirkelig fellesråd, med mindre annet er bestemt av departementet.*

Øygarden kyrkjelege fellesråd legg vekt på å halde kyrkjene i god stand, innanfor dei til ei kvar tid gjeldande økonomiske rammer. Kommunen har vore og er ein god samarbeidspartnar når det gjeld vedlikehald og kostnadar knytt til dette. Kyrkjene er store bygg og det er særskilte krav til vedlikehald når det gjeld materialval. For nokre av kyrkjene må Riksantikvaren godkjenne tiltaket. Krav til tryggleik og brannsikring er høgt prioritert. Brannvesenet har tilsyn omtrent kvart år.

Det er soknet som eig kyrkjene og når det gjeld utleige og bruk så er det soknerådet, soknepresten og biskopen som kan avgjere bruken av kyrkja. Det er reglar for bruk av kyrkjene.

I 2019 var det nær 46 000 deltakarar på gudstenestene i dei 7 operative kyrkjene i kommunen. I tillegg kjem gravferder, bryllaup, konsertar og ei rekkje andre aktivitetar på dag og kveldstid.

Lån og utleige av rom i kyrkjer vert handtert av kyrkjeleg fellesråd. Kontaktinformasjon: post.oygarden@kyrkja.no eller telefon 55 09 74 40. Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Tytebærbrekko 2, Straume.





# Gravferd og gravplassforvaltning i Øygarden

Gravferdsordning og forvaltning av gravplassar er regulert i norsk lov og forskrift (gravferdslova). Det er Øygarden kyrkjelege fellesråd som organisasjon som forvaltar ordninga på vegne av stat og kommune.

AV: OLAV MARTIN VIK, KYRKJEVERJE

Dette seier lova:

*§ 3.Kirkelig fellesråds og kommunens ansvar.*

*Kirkelig fellesråd har ansvaret for at gravplasser og bygninger på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser.*

*Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra fellesrådet.*

**Lov og forskrift** regulerer alt som gjeld gravlegging, kremasjon, forvaltning av gravplassar og festeavgifter. Det skal utarbeidast eigne vedtekter for gravplassane.

**I Øygarden kommune er det 17 gravplassar** som er i aktiv bruk. Fleire av gravplassane er av nyare dato og nokre av dei er anlagt med namna minnelund og eigne felt for muslimar. Det er eit mål å kunne tilby namna minnelund på fleire gravplassar.

**Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for gravlegging av alle døde,** uavhengig av tru- og livssyn. Forvaltningsansvaret heng ikkje saman med trussamfunnet Den norske kyrkja. Val av seremoni gjer pårørande når dei skriv under begjæring av gravlegging. Kyrkjeleg fellesråd har ikkje ansvar for seremonirom utanfor Den norske kykja (kyrkjene). Det er eit kommunalt ansvar.

### Busette i kommunen, rett til fri grav og festeavgift

Avdøde personar med bustadadresse i Øygarden har rett til fri grav i ein periode på 20 år. Dersom ein ønskjer ei grav ved sida av (festa grav/dobbelgrav) må ein betale festeavgift for den grava frå første dag. 20 år etter siste gravlegging vert desse dobbelgravene rekna som ein gravstad og festeavgifta vert då redusert. Alle satsane er annonsert i tidlegare utgåve av kyrkjebladet og ein finn informasjon på fellesrådet si nettside.

### Busette i annan kommune

Avdøde personar med bustadadresse i ein annan kommune, kan etter grunngiven søknad frå pårørande til kyrkjeleg fellesråd verte gravlagt i Øygarden. Ein må då betale kostnadar med gravlegging og festeavgift frå første dag.

### Sletting av grav

Den som festar ei grav kan be kyrkjeleg fellesråd slette grava. Gravsteinen vert då tatt bort og grava går tilbake til fellesrådet si forvaltning. Det er ikkje høve til å slette ei grav i ein gravstad (dobbel grav). Sletting omfattar alle gravene i gravstaden.

Lova opnar ikkje opp for oppsett av namneplater på gravplassen for graver som er sletta. Det er høve til å flytte eit namn frå ei sletta grav til ein gravstein på ei anna grav dersom festar godkjennar dette. Dette må ein søkje om til kyrkjeleg fellesråd.

### Fakturering av festeavgift

Fakturering skjer i 5-årsbolkar og går automatisk. Festar treng difor ikkje kontakte kyrkjeleg fellesråd når det gjeld fornying av feste. Ubetalt faktura vert purra. Dersom festeavgifta ikkje vert betalt vil grava til slutt verte sletta, med førehandsvarsling.

### Meir informasjon

Meir detaljert informasjon og gravplassvedtektene finn ein på vår nettside: www.kyrkja.no/oygarden/gravferd

Er du usikker på det som gjeld gravferd og gravplassforvaltning, kontakt oss: post.oygarden@kyrkja.no eller telefon 55 09 74 40
Besøksadresse:
Øygarden kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, Straume.

### Delegert mynde

Kyrkjeleg fellesråd si daglege drift er delegert til kyrkjeverja. Det er seksjon kyrkjer og gravplassar som utøver rolla dagleg som gravplassmyndigheit.

## Vår nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Statistikken nedanfor er eit utdrag av ein større statistikk, og ikkje uttømmande.
I tillegg til tala under kjem vigslar, kor, konsertar, leirar og barne- og ungdomsarbeid.

## Kyrkjeleg årsstatistikk for Fjell sokn 2019 (og 2018)

| Område/tema | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Medlemer i Den norske kyrkja | 7 291 | 7 346 |
| Innmelde | 4 | 3 |
| Utmelde | 26 | 16 |
| Deltakarar på gudstenester | 10200 | 9815 |
| Nattverdsdeltaking | 1601 | 1500 |
| Døypte | 77 | 102 |
| Konfirmantar | 85 | 90 |
| Offer totalt | 256509 | 228814 |
| - Av dette offer til eige arbeid | 76984 | 82648 |
| Givarteneste | 64883 | 71967 |
| Innsamlingar m.m. | 127487 | 106612 |
| Registrerte frivillige medarbeidarar | 146 | 160 |
| | | |
| Gravferder | 59 | 43 |

## Kyrkjeleg årsstatistikk for Foldnes sokn 2019 (og 2018)

| Område/tema | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Medlemer i Den norske kyrkja | 8 703 | 8 684 |
| Innmelde | 12 | 5 |
| Utmelde | 37 | 16 |
| Deltakarar på gudstenester | 12324 | 11394 |
| Nattverdsdeltaking | 2737 | 2658 |
| Døypte | 78 | 78 |
| Konfirmantar | 117 | 105 |
| Offer totalt | 292005 | 267199 |
| - Av dette offer til eige arbeid | 154741 | 162864 |
| Givarteneste | 119553 | 156157 |
| Innsamlingar m.m. | 210216 | 162046 |
| Registrerte frivillige medarbeidarar | 113 | 117 |
| | | |
| Gravferder | 47 | 31 |

## Kyrkjeleg årsstatistikk for Landro sokn 2019 (og 2018)

| Område/tema | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Medlemer i Den norske kyrkja | 4 373 | 4 373 |
| Innmelde | 3 | 1 |
| Utmelde | 15 | 13 |
| Deltakarar på gudstenester | 6317 | 6324 |
| Nattverdsdeltaking | 1547 | 1705 |
| Døypte | 26 | 41 |
| Konfirmantar | 52 | 50 |
| Offer totalt | 165002 | 172326 |
| - Av dette offer til eige arbeid | 52559 | 56222 |
| Givarteneste | 85753 | 91466 |
| Innsamlingar m.m. | 31812 | 55568 |
| Registrerte frivillige medarbeidarar | 130 | 128 |
| | | |
| Gravferder | 28 | 27 |








# Kyrkja vår!

Kor mange kilo veg kyrkjeklokkene i Fjell kyrkje, og kva tekst står på dei?
Kor mange søyler finst i Foldnes kyrkje, og kvifor heng lampane slik dei gjer?
Kva for geometriske figurar prydar taket Landro kyrkje - og kvifor?
Om du ikkje veit dette, så spør ein 3. klassing!

TEKST: ANNE LUDVIGSEN KALDESTAD
FOTO: ANNE LUDVIGSEN KALDESTAD / OLAV SØRHEIM











Kvart år kjem nemleg alle 3. klassane på ekskursjon til si kyrkje for å verta betre kjent med bygg, arkitektur, bruk, tilsette, symbol og tradisjonar. Dette er eit av fleire samarbeidsprosjekt mellom kyrkje og skule i vår region. I gamle Fjell kommune tek ein i bruk alle tre kyrkjer, kvar med sitt særpreg. Skulane kjem til den kyrkja som dei soknar til. Både Foldnes, Fjell og Landro kyrkjer egner seg godt til å ha elevgrupper på besøk. Ein føremiddag er sett av til kvar skule. Dei får møte ulike tilsette, og eit knippe handplukka pensjonerte pedagogar frå kyrkja sitt pedagogisk forum. Slik får klassane eit godt og tilrettelagt opplegg og lærer om kyrkja. Nytt av året er at ei gruppe har laga fine nye oppgåvehefter til bruk under besøket, og til etterarbeid på skulen. Her finn ein bilete, fakta, historie og fine oppgåver knytt til den lokale kyrkja. No i januar/februar var alle skuleklassane på ein slik føremiddag i kyrkja si. Tilbakemeldingane er gode. Og elevane har fått ny kunnskap, men også eit møte med kyrkja som viktig tradisjon,- trus- og kulturberar. Kyrkja er eit bygg dei fleste vil møte i mange samanhengar seinare i livet. Her er nokre glimt frå opplegget.

# Aksjon Godheit for 6. gong

- Vi vil setje av tid til å spreie godheit fordi vi trur at små ting gjort i kjærleik kan forandre verda! Godheitsaksjonen 2020 vert tre ettermiddagar i mai - kvar dag kl. 17.00-20.00.





Vi vil nytte tre dagar i mai for å vere med å spreie glede for å gjere verda til ein betre stad, seier dei ansvarlege for Aksjon Godheit 2020 frå kyrkjelydane Saron, Metodistane, Fjell, Foldnes og Landro. Tre ettermiddagar i mai tilbyr vi gratis assistanse med oppgåver som til dømes husmaling, husvask utandørs og innandørs, plenklipping, hekkeklipping, sykkelverkstad, bilvaskestasjon, montering av hagemøblar, rydding i hagen og liknande praktiske oppgåver.

Vi vil prioritere hjelp til eldre menneske, einslege forsørgjarar og innvandrarar, men også andre kan melde inn ønskja sine. Dette gjer ein ganske enkelt ved å sende ein e-post til godheitfjell@gmail.com eller ved å ta ein telefon til kyrkjekontoret på nummer 55 09 74 40.

Viss du kan tenkje deg å delta som medhjelpar på Aksjon Godheit 2020, kan du melde deg på på same måten - anten via e-post til godheitfjell@gmail.com eller på telefon 55 09 74 40.

GODHET

### Retting frå Fjell kyrkjeblad nr. 1 2020

I oversikta over KRIK Ulveset, var kontaktpersonen feil: Ikkje Tore Heggernes, men Maria Tveten, tlf. 450 63 016. Dei øver heller ikkje på torsdagar, men på tysdagar kl. 20–21 på Ulveset skule.

ULF - UngdomsLeiarForum, frå vidaregåande og oppover. Ein torsdag i månaden, heime hos Anne L. Kaldestad. Deltakarar i snitt: 10. Kontaktperson ULF: Anne L. Kaldestad, 971 42 176.








Mange gode krefter som er flittige musikalske bidragsytarar i Foldnes kyrkjelyd, har slått seg saman til ein stor felles vårkonsert for å visa fram noko av det dei held på med. Lukas Tensing og Foldnes Barnegospel bidreg med fine songar frå sitt repertoar, og Ramp-bandet, med solistane Lisa Andersen, Solveig Mo, Bergljot Gjedrem, Roy Vorland og Jon Anders Sollien, hentar fram dei beste låtane frå dei 5 første åra med Ramp. Saman har alle desse førebudd ein spennande konsert med varierte innslag som garantert kan framkalla vårfornemmelsar hos alle og einkvar!

*Aasmund Brekke*
*Organist i Foldnes kyrkje*

# Tur til institutt for sjelesorg / Modum Bad, 17.-21. august




### Har du lyst til å være med oss på tur?

Vi reiser med tog fra Bergen til Vikersund. Vi kommer til et sted med vakker natur, stillhet og gode rom og bo i. Det blir noen dager hvor du kan få slappe av og nyte. Det blir turer ut i det fri, bibelundervisning og sosiale samvær og god tid til bare å være til.

Turen fra Bergen og returen med alt inkludert, koster kr. 7000.-
NB. Du må komme til og fra Bergen jernbanestasjon på egen hånd.
Resten ordner vi.

**Påmelding til Ellen Ebbesvik på telefon 924 42 881 innen 20. juni.**

*Arr. Diakoniseksjonen i Øygarden kyrkjelege fellesråd*




# GI EIT LIV MED VATN

*Kvar dag hentar Kila reint vatn ved vass-stasjonen. Vatnet kjem frå den 120 meter djupe brønnen som landsbyen i Etiopia fekk frå Kirkens Nødhjelp i fjor.*

*Før forlét folk landsbyen grunna sjukdommar dei fekk frå det ureine vatnet.*

*No ser Kila på framtida med håp. Ho gler seg over kvar dag ho er frisk og kan gå på skulen, samtidig som ho arbeider på garden.*

**Vipps til 2426 eller SMS VANN til 2426 (200,-)**

I dag lever 1 av 9 menneske i verda utan tilgang til reint vatn. For 200 kroner kan du gje eitt menneske tilgang til reint vatn resten av livet.

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON 29.-31. MARS

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

I år blir fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp digital. Du kan enten gje pengar via Vippsnummeret over, eller via facebook-sidene til Fjell, Foldnes eller Landro kyrkje. For 200 kr kan du gi eit menneske tilgang til reint vatn for resten av livet.

# SONGKVELD

## «Lina Sandell i ord og tonar»



**Foredrag:**
Borgny Navestad

**Solosong:**
Annvor Greibesland

**Andre medverkande:**
Laila L. Lossius, kantor
Eline Olsen og band.

**Kollekt**

**Onsdag 22. april**
**kl. 19.30**
**Landro kyrkje**

Arr: Landro sokneråd

# Velgjernings-konsert

## «Tru, håp og kjærleik»



**Laur. 23. mai**
**kl. 17.00**
**Landro kyrkje**

Musikk, korsong, solosong og duettar med aktørar frå Vestfold, Telemark og lokalt. Sal av bok om arbeidet.



Arr: Mama Childr. Cent. of Norway





# Årsmøte i Landro sokn

Det vert årsmøte med kyrkjemiddag i Landro kyrkje 19. april, like etter gudstenesta.

Informasjon om arbeidet i soknet
Årsmelding 2019

Vel møtt!

DEN NORSKE KYRKJA
Landro sokn

# Årsmøte i Fjell sokn

Det vert årsmøte i Fjell kyrkje 26. april, etter gudstenesta.

Informasjon om arbeidet i soknet
Årsmelding 2019

Vel møtt!

DEN NORSKE KYRKJA
Fjell sokn

# SAMAN

NMS Sommarfest
& Generalforsamling
ÅLESUND 25.-28. juni

28

Velkommen!

nms.no/sommerfest
facebook.com/nmssommerfest

# Faste aktivitetar i kyrkjene

**Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!**

## Foldnes kyrkje

**Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Elisabeth M. Jung tlf. 930 64 205

**Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46

**KM Kluzz:** Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Kari Burke-Romarheim tlf. 465 14 662

**RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425

**Foldnes barnegospel:** Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Maria Wergeland tlf. 410 09 550

**Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881

**Lillelørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46

**Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Anne Gulbrandsen tlf. 953 63 630

**Ungdomslørdag:** Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Joel Turøy Midttveit tlf. 476 66 443

**Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakveldar, turar og godt lag. Kontakt: Morten Nygaard tlf. 924 82 896

**Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

## Fjell kyrkje

**Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161

**Retreatkveldar:** Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176

**Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgnie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646

**Vokalensemblet Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603

**Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Olav Sørheim tlf. 926 15 988

**Fjell barnekor:** Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

## Landro kyrkje

**Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjorøy tlf. 917 51 706

**Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00. For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52

**Nordre Fjell Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.35 kvar tysdag.

**Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.40–19.45 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332

**Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881

**Landroklubben:** I kyrkjekjellaren annankvar fredag kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52

T-dagen – trusopplæringsdagen i Fjell

## Glimt frå T9 og T8







## Glimt frå karnevalsgudstenesta i Foldnes kyrkje





Søndag 16. februar var det «karnevalsgudsteneste» i Foldnes kyrkje. Det vart ein flott og fargerik dag på alle måtar. Tusen takk til alle som deltok med fargar, musikk, bollar, humør, masker, kunnskap, glede, kreativitet, kostymer, kaffi, smil og leik. For ein gjeng vi har i denne kyrkja vår!

Foto: Astrid Aksnes Myskja

## Invitasjon til T-dagar!

### T5 Den gode gjetaren

**Når:** Tysdag 21. april kl 16.15-18.45

**Kor:** Foldnes kyrkje

**Kva:** Tysdag 21. april kl 16.15-18.45 er det T5-dag i Foldnes kyrkje for alle som er fødde i 2015. På T5-dagen får vi møte den gode gjetaren. Han har mista lammet sitt, Krølle, og leitar etter han. Det blir middag, nydeleg bibelforteljing, musikk, formingsaktivitetar og mykje meir. Velkomen!





### Påmelding

**www.kyrkja.no/t-dagen**



Med atterhald om endringar og avlysingar.
Sjå også www.kyrkja.no/oygarden for gudstenesteoversikt.

## Fjell kyrkje

| Dato | Kl. | Gudsteneste | Prest | Dåp/Nattverd | Takkoffer |
|---|---|---|---|---|---|
| Søndag 29. mars | 11.00 | Gudsteneste | Dåp | Petter Ekerhovd-Ottersen | Kirkens Nødhjelp |
| Palmesøndag 5. april | 11.00 | Familiegudsteneste | Dåp | Jan Tommy Fosse | Blå Kors i Norge |
| Langfredag 10. april | 11.00 | Gudsteneste | | | Kirkens bymisjon i Bergen |
| 1. påskedag 12. april | 11.00 | Høgtidsgudsteneste | Nattverd | Bjarte Nese | Sjømannskirken |
| Søndag 19. april | 19.00 | Ung messe | Nattverd | | Eige arbeid |
| Søndag 26. april | 11.00 | Gudsteneste | Dåp | Knut Kaldestad | FUNK |
| Søndag 3. mai | 11.00 | Gudsteneste | | Knut Kaldestad | Eige arbeid |
| Søndag 10. mai | 11.00 | Gudsteneste | Dåp | | Sotra Indremisjon |
| Søndag 17. mai | 11.00 | Gudsteneste | | Morten Torsvik | Søndagsskulen/Eige arb. trusoppl. |
| Søndag 24. mai | 11.00 | Gudsteneste | Dåp og nattverd | Morten Torsvik | Stefanusalliansen |

## Foldnes kyrkje

| Dato | Kl. | Gudsteneste | Prest | Dåp/Nattverd | Takkoffer |
|---|---|---|---|---|---|
| Søndag 29. mars | 11.00 | Gudsteneste | Nattverd | Maria Tveten | Kirkens Nødhjelps fasteaksjon |
| Palmesøndag 5. april | 11.00 | Familiegudsteneste | Dåp og nattverd | Maria Tveten | Åpne Dører |
| Langfredag 10. april | 11.00 | Gudsteneste | | Bjarte Nese | |
| 1. påskedag 12. april | 11.00 | Høgtidsgudsteneste | Dåp og nattverd | | Kristen Idrettskontakt - KRIK |
| Søndag 19. april | 11.00 | Gudsteneste | Dåp og nattverd | Jan Tommy Fosse | Eige arbeid |
| Søndag 26. april | 19.00 | Kveldsgudsteneste | Nattverd | Maria Tveten | Stefanusalliansen |
| Søndag 3. mai | 11.00 | Gudsteneste | | Maria Tveten | Eige arbeid |
| Søndag 10. mai | 11.00 | Gudsteneste | Dåp og nattverd | Knut Kaldestad | Tro og Medier |
| Søndag 17. mai | 11.00 | Familiegudsteneste | | Maria Tveten | Sjømannskirken |
| Søndag 24. mai | 19.00 | Ung Messe | | | Areopagos |

## Landro kyrkje

| Dato | Kl. | Gudsteneste | Prest | Dåp/Nattverd | Takkoffer |
|---|---|---|---|---|---|
| Søndag 29. mars | 11.00 | Gudsteneste | Dåp og nattverd | Bjarte Nese | Kirkens Nødhjelp |
| Palmesøndag 5. april | 11.00 | Familiegudsteneste | Dåp og nattverd | Bjarte Nese | Kristent Innvandrerarbeid |
| Skjærtorsdag 9. april | 11.00 | Gudsteneste | | Maria Tveten | Norsk Luthersk Misjonssamband |
| 1. påskedag 12. april | 11.00 | Høgtidsgudsteneste | Dåp og nattverd | Jan Tommy Fosse | Misjonsprosjekt m/ NMS Thailand |
| Søndag 19. april | 11.00 | Gudsteneste | Dåp og nattverd | Bjarte Nese | Eige arbeid |
| Søndag 3. mai | 11.00 | Gudsteneste | Dåp | | Misjonsprosjekt m/ NMS Thailand |
| Søndag 10. mai | 11.00 | Gudsteneste | | Bjarte Nese | Eige arbeid |
| Søndag 17. mai | 11.00 | Familiegudsteneste | | Bjarte Nese | |
| Søndag 24. mai | 11.00 | Gudsteneste | Dåp og nattverd | Bjarte Nese | Himalpartner |

*Med atterhald om endringar og avlysingar. Sjå også www.kyrkja.no/oygarden for gudstenesteoversikt.*





## Fjell kyrkje

### Døypte

**26.01.2020**
Charlie Juhlén
Emilie Sagstad Nilsen
Nicoline Kårtveit Leganger
Ingvil Skauge Ekerhovd

**09.02.2020**
Leah Amundsen Sagstad
Gabriel Snekkevik Tolleshaug

**16.02.2020**
Mats Tysnes Grimstad
Hanna Gjersvik Ervik
Tristan Eugene Gravdal Næss

**23.02.2020**
Leah Kviteberg Brendsdal
Milas Justad Instebø
Abel Johannesen Jentoft

**08.03.2020**
Amalie Stamnes Bakke

### Vigde

**22.02.2020**
Linn Karin Lie Bergesen og Kjetil Stien

### Døde

| | |
|---|---|
| Solveig Odland | f. 1965 |
| Audun Valvik | f. 1947 |

## Foldnes kyrkje

### Døypte

**02.02.2020**
Bernard Kolle
Liam Larsen Astrup

**08.02.2020**
Sofia Wolff Anglevik Stefansdottir

**16.02.2020**
Oliver Lønøy-Glenjen
Nea Ingrid Kleppe

**08.03.2020**
Håkon Dybsland Hatteberg

### Døde

| | |
|---|---|
| Gunvor Ilebekk | f. 1940 |
| Tor Skaaland | f. 1934 |
| Rigmor Alfhild Gramstad | f. 1941 |
| Kristoffer Elias Strømmen | f. 1930 |
| Astrid Foldnes | f. 1936 |
| Bjørg Karin Bjørsvik | f. 1947 |
| John Magne Bjørsvik | f. 1947 |
| Johannes Berland | f. 1923 |

## Landro kyrkje

### Døypte

**09.02.2020**
Ina Helland-Pedersen

**01.03.2020**
Marelius-Olai Ulvedal Skiftesvik

### Døde

| | |
|---|---|
| Atle Algrøy | f. 1958 |
| Aslaug Landro | f. 1925 |
| Valborg Konstanse Knapskog | f. 1931 |
| Marta Malena Misje | f. 1930 |
| Anna Malena Martinussen | f. 1924 |

Vår Herre Jesus Kristus seier "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leve om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

## Fjell festning

Velkommen til friluftsgudsteneste
2. påskedag 13. april
kl. 12.00

Musikk ved Fjell kyrkjebrass

Kollekt



SotraOmegn
BEGRAVELSESBYRÅ
– En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølgning og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
( samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Gravferdshjelpen
Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.
Døgnvakt 55 27 28 29
www.gravferdshjelpen.no
Hagerupsvei 32X • 5093 Bergen
GRAVFERDSGRUPPEN

Fjell-ly
Leirstedet til IMF Midthordland
- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement
Tlf. 56 31 04 40
Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN
- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv
Knut Helge Polden — Espen Polden — Heine Polden — Cathrine Polden Misje
Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no
AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50
AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50
BEGRAVELSESBYRÅENES FORUM

Solstrands
Begravelsesbyrå as
Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet
VIRKE GRAVFERD

Om solen skinner eller været er grått kjør deg en tur og få humøret på topp.





Se kjøretøyene på seniorscootere.no eller ring 929 86 260 Bjorøyhamn.

• Snitter
• Koldtbord
• Selskapsmat
• Tapas • Kaker
Tlf. 56 33 11 50
Ny adresse:
Idrettsvegen 113 C
Royal Cateringservice AS
www.royal-cateringservice.no

Din lokale elektriker!
VESTGAR ELEKTRO
Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210
post@vestgarelektro.no - www.vestgarelektro.no

BYGGESELSKAPET A/S
5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75
MESTER

Bjørgvin BEGRAVELSESBYRÅ
Døgnvakt 55 20 23 00
www.bjorgvin-b.no
Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.


vipps

**Takk for di gåve!**

| | |
|---|---|
| **Fjell kyrkjelege fellesråd:** 82511 | **Foldnes kyrkje:** 76022 |
| **Foreningen Basecamp:** 76162 | **Landro kyrkje:** 96889 |
| **Fjell kyrkje:** 80304 | Merk meldingen med føremål og dato |







# Til babysong

**Velkomen til babysong, lunsj, og fellesskap ein eller fleire av desse måndagane kl. 10.30–12.30!**

**20. april i Landro kyrkje**

**25. mai i Fjell kyrkje**

**8. juni i Foldnes kyrkje**

**Påmelding: www.kyrkja.no/t-dagen**
**Telefon: 930 64 205 (Elisabeth)**

# Nytt klokketårn ved Landro kyrkje



Vegen opp til nytt tårn



Nytt klokketårn

Dagens klokketårn ligg tett opp til kyrkja, noko som fører til at når klokkene ringer, så vert dette opplevd øredøvande for personer som passerer tårnet. Fellesrådet har hatt planar for eit nytt tårn lenge. Fellesrådet i Fjell har også sett av midlar til føremålet.

Bygging av nytt tårn vart sett i samanheng med bygging av ny gravplass på Landro og kommunen valde då å medfinansiere tårnet. Men, ein måtte gjennom ein godkjenningsprosess.

Biskopen har no gitt si godkjenning og det same har byggesaksavdelinga i Øygarden kommune gjort.

Dersom alt går som planlagt kan tårnet stå ferdig fram mot påske. Det som er ei tidsmessig utfordring er flytting av kyrkjeklokkene og installasjonen av desse. Det kan ta litt tid.

Det nye tårnet skal stå nord-aust for kyrkja. Det gamle tårnet skal rivast

*Olav Martin Vik, kyrkjeverje*

## Kontaktinfo

### Soknerådsleiarane

**Fjell sokneråd:**
Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

**Foldnes sokneråd:**
Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

**Landro sokneråd:**
Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
tove.karin@outlook.com

### Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

| | |
|---|---|
| Prost Jan Tommy Fosse | 924 63 278 |
| Sokneprest Bjarte Nese | 915 32 437 |
| Sokneprest Maria Tveten | 450 63 016 |
| Prostiprest Knut Kaldestad | 977 24 017 |
| Diakon Astrid Fylling | 971 75 733 |

### Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **55 09 74 40** eller **post.oygarden@kyrkja.no** ved manglande levering.

### Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:

5. mai

# Barnekryssord



**Vannrett:**
2. Vårens høgtid
7. Øy ved Bergen
9. Guttenavn
10. Nedelandsk Skøyteløper ... Schenk
11. Finne lengde/vekt
14. Kari Ekerhovd
15. Nyvasket
17. Vennlig
18. Ukedag
21. Guttenavn
24. Dø

**Loddrett:**
1. Anmode
2. Søndag før påske
3. Jentenavn
4. Lærested
5. En etter èn
6. Barmhjertighet
8. Fagbrev
12. 12 måneder
13. Jentenavn
16. Skogens konge
17. Metall
18. Varmekilde
19. Tall
20. Anna Eide
22. Vidar Solberg
23. Ordne

**Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!**

YOUR WAY

**Send inn kryssord til:**
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten: Kryssord

**Vinnar av Barnekryssord i nr. 1 – 2020:**
Stina Ekerhovd
frå Kolltveit

Namn.........................................................................................

Adresse.....................................................................................

.................................................................................................

**Returadresse:**
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

NOREG P. P. posten



# Dåp

## Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på *kyrkja.no/oygarden/dap*

DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd